

## Korleis melder ein seg på til konfirmantåret?

Innskriving til konfirmantåret skjer ved personleg frammøte i kyrkja. Etter denne informasjonssamlinga melder ein seg på via kyrkja si nettside, [www.bomlo.kyrkja.no](http://www.bomlo.kyrkja.no). På innskrivinga vil det kome meir informasjon om konfirmanttida. Det er viktig at foreldre/ føresette er med. **Påmeldingsfrist: 10.mai.**

## Dato for informasjon og innskriving:

|                |        |          |           |
|----------------|--------|----------|-----------|
| Bremnes kyrkje | Måndag | 13. mars | kl. 19.00 |
| Lykling kyrkje | Tysdag | 14. mars | kl. 19.00 |
| Moster kyrkje  | Tysdag | 14. mars | kl. 18.30 |
| Bømlo kyrkje   | Onsdag | 15. mars | kl. 19.00 |

## Allergiar og anna informasjon

Det er viktig for oss å få informasjon om eventuelle allergiar og medisinbruk, dette med tanke på leir og konfirmantfestivalen.

## Behov for tilrettelagt konfirmantundervisning?

Dersom du har behov for det, ordnar me med tilrettelagde løysingar for konfirmantundervisninga. Det er viktig at me får beskjed i god tid, slik at me kan lage eit best mogleg opplegg. Gje oss nokre stikkord i feltet "Litt om deg", send ein e-mail eller ta kontakt med kyrkjekontoret.

## Fleire spørsmål?

Me håpar du i dette brevet finn ein del svar på spørsmål rundt det å vera konfirmant i kyrkja. Dersom du fortsatt har ubesvarte spørsmål, kan dei rettast til kyrkjekontoret i Rådhuset på Svartland i 2. etg.

Invitasjonen er sendt ut til deg som er medlem eller har foreldre som er medlem i kyrkja.

## Kyrkjekontoret


53 42 32 80 ([kyrkja@bomlo.kommune.no](mailto:kyrkja@bomlo.kommune.no))

## Kyrkjelydspedagogane

53 42 32 86    53 42 32 89    53 42 32 95

## Velkommen som konfirmant i kyrkjene på Bømlo!

Med venleg helsing sokneråda og dei tilsette i kyrkjene på Bømlo




**STØRST AV ALT**

TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

# KONFIRMAN

2018



**STØRST AV ALT**

TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

## Kva tyder konfirmasjon?

Konfirmasjon tyder å stadfeste. Det er Gud som stadfestar at han står ved det som skjedde i dåpen. Du som konfirmant skal ikkje stadfeste noko eller avgj noko løfte. Konfirmasjonen er ei forbøns- og velsigningshandling. Ordet "konfirmere" tyder "bekrefte". I Den norske kyrkja understrekar ein at det er Gud som bekreftar sine løfter.

## Kven kan konfirmera seg?

Me vil gjerne bli kjend med deg, men det er DU som må avgjere om du vil vera konfirmant i kyrkja. Det er eit val berre DU kan ta!

Du kan vere konfirmant i kyrkja sjølv om du er usikker på om du trur på Gud. Du er velkommen uansett om du trur, tviler eller berre er nyggjerrig. I konfirmasjonstida får du lære meir om deg sjølv og Gud. Me snakkar om livet - på godt og vondt. Du skal få lære meir om kvifor du vart døypt og kva det betyr. Du skal lære meir om den kristne trua og kva den har å seie for våre liv. Samstundes får du mange nye opplevingar.

Konfirmasjonsåret er eit høve til å finne ut av kva du skal tru og meine, og til å bli betre kjend med kyrkja og bedehusa, og rett og slett finna din plass i kyrkjelyden.

Bli med på ei spanande reise fram til konfirmasjonsdagen våren 2018!

## Må du vere døypt?

Konfirmasjonstida er basert er dåpen, på same måte som trusopplæringa elles. Dersom du ikkje er døypt er du likevel velkommen til å delta i konfirmasjonsgudstenesta, men dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta våren 2018. Dersom du ikkje er døypt, men vil konfirmera deg, kan du bli døypt i løpet av konfirmantåret. I Noreg blir kvart år 1200 - 1400 døypt i løpet av konfirmasjonstida, og kan dermed la seg konfirmera. Ta kontakt med kyrkjekontoret så finn me ein dag du kan bli døypt.



## Kva skal du vera med på når du er konfirmant?

- Leir på Statsraad Lehmkuhl.** Konfirmantåret startar med ein tur ombord på seilskuta Statsraad Lehmkuhl. Me startar turen med å reise med buss til Bergen. Me går ombord i skuta laurdag 26. august, og får eit fjordtokt til sundag 27. august før me reiser heim med bussar att. Leirprogram med fleire detaljar kjem ved skulestart i august.
- Gudstenester.** Du skal verta kjend med gudstenesta og oppleva at det er eit fellesskap du er ein del av. Ein del gudstenester vert lagd inn i årsplanen med datoar, desse er obligatoriske. Utanom desse skal du velje 4 andre gudstenester. Du kan gå på gudstenester i kyrkjer i heile verda.
- Undervisning.** Undervisninga føregår hovudsakleg i kyrkja, rett etter skuletid. Kyrkja vert open i forkant av undervisninga slik at du kan koma å ete evt nista di før undervisninga startar.
- Miljøtiltak.** Det vert gitt informasjon om dei ulike tiltaka på innskrivinga. Som konfirmant deltek du i kristent barne- og ungdomsarbeid. Me ynskjer at du skal finna din plass i eit kontinuerleg tilbod, slik at det vert ein plass du ynskjer å fortsetja å gå etter konfirmanttida. Du må velje eit tiltak som passar med dine interesser og dag og tid som passar i forhold til andre aktivitetar du går på. Me forventar at du møter på samlingane i ditt miljøtiltak.
- Konfirmantfestival på Langevåg bygdatun.** Ein festival med turneringar, plug and play aktivitetar og gudsteneste. Festivalen er for alle konfirmantane på Bømlo, konfirmantar frå Sveio, Stord, Etne, Tysnes, Kvinnherad og Haualandet kjem óg. Konfirmantfestivalen samlar over 400 ungdommar. Den vert arrangert ein søndag i januar eller februar, datoene får du i august.
- Ulike samlingar.** Gjennom konfirmantåret vert det lagt opp til ulike samlingar, tiltak og gudstenester som involverer både konfirmantar og foreldre. Detaljert årsplan vert utdelt ved oppstart av konfirmantåret i august.
- KN aksjonen.** Du er bøsseberarar under Kirkens Nødhjelp sin årlege innsamlingsaksjon veka før påske.

### Pris

Pris: kr. 1800,-

Dette dekkjer leir på Statsraad Lehmkuhl, utgifter ved innkjøp av konfirmantmateriell, stell av konfirmantkappene og Konfirmantfestivalen. (Me ynskjer ikkje at prisen skal vera avgjerande for om du vel å vera konfirmant eller ikkje. Difor er det mogleg å få delt opp betalinga. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom du ynskjer det.)